

# Avbrudd og ikkje- avbrudd

*Rapport frå masterprosjekt  
om maritime lærlingar*



Jone Ullenes



Avbrudd og ikkje-avbrudd. *Rapport frå masterprosjekt om maritime lærlingar.*

© Jone Ullenes

Oktober, 2011

Rapporten bygg på Jone Ullenes si masteroppgåve i sosiologi: «Stø kurs? Avbrudd og ikkje-avbrudd blant maritime lærlingar», levert til Universitetet i Oslo, 30. juni 2011.

Hensikten er å spre kunnskapen frå masteroppgåva til dei som kan ha nytte av han. Rapporten kan derfor distribuerast fritt, som pdf-dokument.

Det må ikkje kopierast frå denne rapporten utan samtykke frå forfattaren. Sjå del 7 for kontaktinformasjon.

# Forord

Bakgrunnen for denne rapporten er at eg den siste tida har skrive masteroppgåve om lærlingar på sjøen. Grunnen til at temaet interesserer meg spesielt er at eg sjølv tok maritim vidaregåande yrkesutdanning. Etter to år på skuleskip var eg lærling i to ulike reiarlag. Med matrosfagbrev og sidan studiekompetanse i bagasjen, starta eg i 2006 samfunnsvitenskapelege studier ved Universitetet i Oslo. Parallelt med studiene har eg siste seks år jobba deltid som personalkonsulent for ein maritim organisasjon, med særleg ansvar for lærlingar.

Då eg nådde masteroppgåva ønska eg å dra nytte av det eg hadde lært, både som sjømann og personalkonsulent. Eg starta derfor sommaren 2010 eit eittårig forskingsprosjekt om maritime lærlingar. Det enda i masteroppgåva «Stø kurs? Avbrudd og ikkje-avbrudd blant maritime lærlingar», som blei avslutta sommaren 2011. Oppgåva er skriven innanfor faget sosiologi og feltet organisasjonsstudier. Denne rapporten bygg i sin heilhet på funn frå masteroppgåva, og vil forhåpentlegvis gi praktiske råd til lærarar, rådgivarar, ansatte i reiarlag, opplæringskontor, og andre som er involvert i vidaregåande maritim utdanning.

## Formidling

Eg har hatt eit ønske om at masteroppgåva skulle komme andre enn meg sjølv til nytte. Gjennom kontakt med den maritime sektoren undervegs, har eg fått innblikk i relevante spørsmål og utfordringar i utdanningssystemet. Takk til alle som har kome med innspel og kommentarar til prosjektet.

Kontakten med maritim sektor resulterte i noko økonomisk støtte til masterprosjektet. Desse midlene har dekkja utgifter og dessutan gjort det mogleg å bruke tid på å formidle resultater frå oppgåva til dei som kan ha nytte av kunnskapen. I forlengelse av arbeidet med sjølve masteroppgåva, har eg derfor holdt ulike foredrag, og utarbeida denne rapporten. Omtale i media har også vore ein måte å få spreidd kunnskapen på. Sjå vedlegg bakerst i rapporten.

Dette formidlingsprosjektet hadde ikkje blitt mogleg utan dei økonomiske støttespelarane.

Takk til:

*Det norske maskinistforbund*

*Gulf Offshore*

*Maritimt Forum*

*Maritimt Forum for Stavanger-regionen*

*Maritimt Opplæringskontor, Sørvest-Norge*

*Maritimt Utdanningsforum*

*Sartor Offshore*

*Solstad Offshore*

*Østensjø Rederi*

Stavanger, 21. oktober 2011

Jone Ullenes

# Innholdsfortegnelse

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>ARBEIDETS SYMBOLSKE VERDI .....</b>	<b>3</b>
2.1	TRADISJON .....	3
2.2	OPPRYKK OG KARRIERE.....	5
2.3	TITTEL.....	6
2.4	FRIHET .....	7
2.5	ANNERLEDESHET .....	7
<b>3</b>	<b>INTERNASJONALT ARBEIDSMARKED.....</b>	<b>9</b>
3.1	REIARLAGET .....	9
3.2	BRØNNPISSARANE.....	10
3.3	KONSEKVENSER.....	11
3.4	LIVET PÅ MULTINASJONALT FARTØY .....	13
<b>4</b>	<b>TEKNOLOGIUTVIKLING.....</b>	<b>14</b>
4.1	Å JOBBE PÅ NYE SKIP .....	14
4.2	BETYDINGA AV ARBEID .....	16
4.3	NY MÅLGRUPPE? .....	17
4.4	INFORMASJON! .....	18
4.5	ENDRA SJØMANNSKULTUR .....	19
<b>5</b>	<b>REKRUTTERING.....</b>	<b>20</b>
5.1	INFORMASJON OM YRKET.....	20
5.2	FORMALISERT UTDANNING .....	21
<b>6</b>	<b>OPPSUMMERING.....</b>	<b>22</b>
<b>7</b>	<b>RESPONS OG KONTAKTINFO .....</b>	<b>25</b>
	<b>VEDLEGG: MEDIEOMTALE .....</b>	<b>26</b>
	<b>KILDER.....</b>	<b>30</b>



# 1 Innleiing

I Norge finnes det to vegar til sjømannsyirket, maritim høgskule og den yrkesfaglege retninga. Dei ledar begge til offiserssertifikat i styrmann- eller maskinistyrket. Denne rapporten tar for seg den yrkesfaglege utdanninga, eller meir konkret læretida på sjøen. Etter to år på skule drar nemleg elevane ut på sjøen som lærlingar. Etter to nye år i lære tar ein fagbrev som matros eller motormann. Dette kvalifiserer til styrmann- eller maskinistutdanning.

Lærlingane som inngår i dette prosjektet er formidla frå Maritimt Opplæringskontor, Sørvest-Norge i Haugesund og jobbar på ei rekke ulike fartøy. Felles for dei alle er at dei seiler ute på havet, borte frå heimstaden. Lærlingar på lokalferjer er med andre ord ikkje med i dette prosjektet. Når eg gjennom rapporten skriv om «lærlingane», så er det dei eg intervjuar og sikter til. Dei er alle omtala med fiktive navn.

## Masterprosjektet

Masteroppgåva kretsar rundt spørsmålet «kva ligg bak lærlingen sitt valg om å avbryte eller fortsette læretida?» Dei fleste forskingsprosjekt om frafall i utdanning stiller spørsmål retta mot avbrudd. Eg ønska i tillegg til å seie noko om frafall,<sup>1</sup> også å studere det som fungerer. «Ikkje-avbrudd» kan nemleg, forutan å vere interessant i seg sjølv, sette avbruddet i eit nytt lys. Denne rapporten bør lesast med problemstillingen som bakteppe.

Datagrunnlaget for masteroppgåva var fjorten dybdeintervju med lærlingar, som blei gjennomført hausten 2010. Ei gruppe hadde avbrutt læretida og ei gruppe var framleis lærlingar. Metoden gjer dette til eit *kvalitativt* forskingsprosjekt. Det kan vere nyttig å merke seg forskjellen på dette og det *kvantitative*. Dette prosjekter tar nemleg ikkje sikte på å seie noko om alle maritime lærlingar (statistisk generalisering), men søker dybdekunnskap rundt eit gitt tema, ved hjelpa av eit avgrensa utvalg. Det er ein slik dybdekunnskap denne rapporten kan gi ein smakebit på.

Ei evaluering som denne vil tidvis få eit visst negativt fokus. Det er fordi ein identifiserer eit problem og set lupa på dette. Det betyr sjølvsagt ikkje at alt er svart. Det er likevel mindre å seie om det som fungerer heilt fint; det som ikkje er eit problem.

---

<sup>1</sup> Det har dei siste åra vore mellom ti og tolv prosent frafall hos opplæringskontoret som eg har samarbeida med. Det er ikkje dramatiske tall, men det kan vere dramatisk nok for den det gjeld.

## Om rapporten<sup>2</sup>

Rapporten har tre hoveddeler. Dei to siste tar for seg to utviklingstrekk i maritim næring; at arbeidsmiljøet blir stadig meir internasjonalt, samt teknologiutviklinga. Den første av dei tre delene fokuserer meir på lærlingen som person, med overskrifta «arbeidets symbolske verdi». Alle dei tre hoveddelene utgjør faktorar som påverkar lærlingen sitt valg om å avbryte eller fortsette læretida. Avslutningsvis kjem eg med nokre betraktningar om rekruttering til maritim utdanning.

Rapporten er forsøkt gjort lettlest og smått underholdande, som ein kontrast til masteroppgåva som er meir teoretisk og grundig. Eg vil likevel anbefale den interesserte lesar å kikke på masteroppgåva.<sup>3</sup> Der vil ein få ei grundigare og betre gjennomgang enn kva denne rapporten kan tilby.

---

<sup>2</sup> Eg vil rette ein stor takk til Torstein Thingnæs for gode kommentarar og bistand. Takk også til Sigbjørn Harboe for nyttige kommentarar.

<sup>3</sup> Dersom ein ønsker tilsendt masteroppgåva, sjå del 7 i rapporten.



## 2 Arbeidets symbolske verdi

Symbolikk handlar om at noko får betydning utover det ein umiddelbart ser. Til dømes har ein nøkkel ei større og viktigare betydning enn å vere ein fem centimeter lang sak av stål. På same måte får arbeidet ei større og ofte viktigare betydning for lærlingane.

Eg vil her ta for meg fem symbolske aspekt ved arbeidet, sett frå lærlingane sin ståstad. Alle desse forholda motiverer lærlingen til å fortsette læretida.



### 2.1 Tradisjon

«Det pirrer litt at folk har holdt på med det sidan 1200-talet. Eg føler at eg tar det vidare»

*Matroslærling*

Det første symbolske aspektet er at sjømannsyirket er rikt på tradisjonar. Heilt frå vikingtida, via seglskuter og fiskeri, til dagens meir samansatte maritime næring, har nordmenn ferdast på sjøen. Sitatet ovanfor leidar mot at dette kan vere litt stas for unge sjøfolk idag; fleire av lærlingane er motiverte av at sjømannsyirket har lange tradisjonar.

Sidan ingen av oss som lev i dag var vikingar eller levde i seilskutetida, eller sidan svært få av oss har vore «til sjøs» på 50-talet, finnes det myter om sjømannen; historiar med større eller mindre sannhetsgehalt. Tidlegare forskning spekulerer i om desse mytene kan seiast å kome frå det faktum at sjøfolk var langt borte frå det norske samfunnet. Livet dei levde føregjekk langt frå folk heime. Det oppsto dermed historiar, bilder og skrøner (?) som alle formidla



sjømannslivet. Tidleg samfunnsvitenskapeleg forskning på sjøfolk viser imidlertid at mytene om sjømannslivet står i sterk kontrast til kvardagen ombord.<sup>4</sup> Det er ingen grunn til å tru at dette ikkje framleis er gyldig. Det er derfor viktig å styre unna mytene i rekrutteringssamanheng.

→ styr unna mytene!

Rekruttering basert på mest- og best mogleg *fakta*, vil derimot gi den som velger å starte ei sjømannsutdanning så god kjennskap som mogleg, til yrket han er på veg inn i. Dette vil bidra til å forebygge frafall. Døme på ei god tilpasning til dette er logoen til den nasjonale rekrutteringskampanjen «Ikke for alle». Denne blei nyleg endra frå å vere inspirert av filmen «Pirates of the Caribbean», til å ha eit kompass som tema; ei endring frå myte til virkelighet.

Media er nemleg ein aktiv aktør i å vedlikeholde mytene og bildene av sjømannsyirket. Filmar om fiskeri og seilskutetid, sjøslag og maritim krigføring, bidrar alle til å oppretthalde og formar bilder av kva det vil seie å jobbe på sjøen. Men sjømannsyirket blir då pakka inn som underhaldning. Discovery-dokumentarar og det meste anna som er laga med underhaldning som siktemål har derfor som regel høg puls og eit visst actionnivå. Også slike action-prega bilder står i kontrast til livet ombord. Det vil dei fleste som jobbar på sjøen vere einige om.

---

<sup>4</sup> Vilhelm Aubert og Oddvar Arner (1962, side 58-59).

## 2.2 Opprykk og karriere

«Det beste med å bli lærling var å få

komme seg ut i noko skikkeleg»

*Matroslærling*

Eg høyrde mange versjonar av sitatet ovanfor. Utsagnet illustrerer at den gjengse sjømannslærling først og fremst identifiserer seg med arbeidet, ikkje med skulen eller utdanninga i seg sjølv. Ein valgte sjøen som arbeidsplass fordi arbeidsoppgåvene på båt, driften av skip, motiverer. Det gir meining. Mange av lærlingane uttalte i intervjuene at det følte som ei belønning å få bli lærling. Det var dette skulen hadde leda dei mot.

### → lærlingen identifiserer seg med arbeidet

På same måten gir det meining å snakke om opprykk, å gå inn i karriereløpet som ligg foran den som fullfører læretida. Ein kan bli offiser, og seinare kaptein eller chief. Hierarkiet blir på den måten ein motivasjon til å fortsette læretida.

Men hierarkiet ombord kan også vere eit uromoment i kvardagen. Eit par lærlingar fortalte om kollegaer som var maktsjuka, dominerande eller herskande overfor dei sjølv, som er lågast i hierarkiet. I det eine tilfellet hadde kapteinen gripe inn og nekta vedkommande å jobbe saman med lærlingen. Dette illustrerer korleis ein enkelt kan forebygge frafall. I det andre tilfellet vurderte lærlingen nemleg å avbryte læretida på grunn av forholda under ein «maktsjuk» kollega. Heldigvis havna han på ein annan båt og fekk det langt betre der.<sup>5</sup>



---

<sup>5</sup> Det er her verdt å merke seg at eg kun ha prata med lærlingane, og dei fleste saker har som kjent to sider. Det er imidlertid lærlingen si oppleving av sin situasjon som var mitt fokus. Eg har derfor ikkje intervjuet andre, som til dømes kollegaer ombord.

## 2.3 Tittel

«Eg er ikkje *sjømann* enda. Eg synes du må vere på sjøen ei god stund før du kan kalle deg for ein sjømann. Fordi om du tar ferja, så er du ikkje sjømann. Forstår du kva eg meiner?!»

*Andreårs matroslærling*

Fleire av lærlingane ga uttrykk for at yrkestittelen måtte fortjenast, det var ikkje noko ein kunne ikle seg sånn utan vidare. Yrkestittelen er noko ein må vise seg verdig, og blir i så måte eit symbolsk aspekt. Dette kan ein sjå i samanheng med det faktum at sjømannstradisjonane motiverer lærlingen. Enkelte bærer tradisjonen og tittelen stolt med seg.



Det er imidlertid verdt å merke seg at ein idag kan oppnå ein tittel som matros eller motormann etter kun få år på sjøen. Tidlegare måtte ein jobbe seg opp frå til dømes dekksgutt til jungmann, via lettmatros til matros; ei vandring som kunne ta fleire år og som truleg var forbeholdt dei beste. Idag er ein tittel som matros ein del av den formaliserte vidaregåande utdanninga, med fagbrev.

Tidlegare forskning peiker på at dei ulike vegane unge og eldre sjøfolk i dag har hatt til sine posisjonar ombord, fører til ulike erfaringar i yrket.<sup>6</sup> Fleire av lærlingane fortel at eldre kollegaer ikkje synes så mykje om at dei unge i dag kan bli matros sånn på ein, to, tre. Dette er verdt å merke seg, særleg for reiarlag som ønsker å legge til rette for gode opplæringsmiljø ombord. Eg kjem tilbake til holdningar blant kollegaer, seinare i rapporten.

---

<sup>6</sup> Dorte Østreng (2007, side 157).

## 2.4 Frihet

Fritida er det beste med yrket!

*Gjennomgåande utsagn*

Det neste symbolske aspektet eg vil peike på er friheten som følger med sjømannsyret. Dei lange friperiodane med full lønn er sjølvsagt attraktive og motiverer til å bli i yrket. Men fleire lærlingar peikar også på ein frihet ombord. Dei får kanskje reise til fjerne strøk, og oppleve nye deler av verda. Enkelte peikar imidlertid også på ein meir abstrakt frihet. Dette kan handle om å jobbe i naturen, sjå havørn eller kval og få seile på Havet. For nokon ligg det dessutan ein frihet i å komme seg vekk frå livet på land, noko som tar meg over til det femte og siste symbolske aspektet, nemleg å vere annerledes.

## 2.5 Annerledeshet

«Når det heiter «ikke for alle»,<sup>7</sup>

så er det litt kult å vere ein

som faktisk klarer det»

*Matroslærling*

Mange unge sjøfolk idag har tatt eit uvanleg yrkesvalg. Dette gjeld først og fremst dei som kjem frå stader utan mange sjøfolk og tradisjonar for sjøfart og fiske, til dømes frå ein større by eller ei innlandsbygd. Det var interessant for meg å finne at annerledesheten for desse lærlingane framstår som ein motivasjonsfaktor ved yrket; dei er litt eksotiske og spesielle, fordi dei jobbar på sjøen. Det er nemleg dei fleste stader i landet ikkje lenger normalt å «dra til sjøs». La meg illustrere:

«Det er litt stilig å vere sjømann», seier Erik. Han fortel at når han møter nye folk som spør kva han driv med, til dømes på fest, så seier han ofte med eit lurt smil «Eg er isolert på ein båt, ein månad om gongen!». Då lurar dei på korleis han taklar det. Men han overdriv ofte


---

<sup>7</sup> Nasjonal rekrutteringskampanje til sjømannsutdanning.

litt i møte med nye, fortel Erik. Me ser at Erik, i møte med omgivnadane, spelar på det som er annleis ved yrket.

Mennesket forstår ofte seg sjølv og sin eigen identitet i kontrast til andre. For lærlingane er dette gjerne dei som valgte allmenn på vidaregåande. Kontorjobb blir av mange av lærlingane omtalt med fengselsmetaforar og dei som går på allmenn er skikkeleg A4-folk. Sjømannslærlingane skiller seg i så måte ut i mengden blant unge nordmenn. Den sosiologiske forklaringa er at me idag lev i eit samfunn prega av individualisering. I tidlegare tider var identiteten til den enkelte i langt større grad gitt av samfunnet rundt. Idag er dette noko ein må konstruere sjølv. Gjennom å ta ei utdanning som er eksotisk (jamfør dei lange tradisjonane), og å vere ute på havet, langt frå andre folk, oppnår den unge sjømannen personleg egenart. Å utdanne seg til sjømann blir i så måte hans individualiseringsprosjekt. Allmennfolka har sjølvsagt sine egne individualiseringsprosjekt, men det foregår kanskje heller på fritida, ettersom det dei har valgt (iallefall i lærlingane sine auger) er så veldig normalt.

La meg presisere ein viktig forskjell: At sjømannsyirket idag er annerledes betyr ikkje at det er idyllisk, som livet på ein veglaus fjellgard. For det er ikkje på jobb at den unge lærlingen er annerledes. Ombord er det jo heilt normalt å vere sjømann. Det er i møte med omgivnadane heime at mange lærlingar framstår som eksotiske. Dette skillet er viktig å ha klart for seg i rekrutteringssamanheng; ein må unngå å skjønne male yrket overfor dei som vurderer det! Det finnes ein kvardag, også for «dei eksotiske». Dette gjeld både på den veglause fjellgarden, og på sjøen.



→ unngå idyllisering!

Me har no sett på dei fem symbolske aspekta *tradisjon*, *opptrykk*, *tittel*, *frihet* og *annerledeshet*. Alle desse faktorane motiverer lærlingen til å fortsette læretida.

# 3 Internasjonalt arbeidsmarked

«Nå kjem filippinarane  
og tar jobbane våre!»

*Matros lærling*



Britisk forskning på frafall frå maritim utdanning peikar på at det ikkje er tilstrekkeleg å vurdere faktorar hos kandidaten og i hans omgivnader, som til dømes i opplæringsmiljøet ombord. Ein må også sjå på dei større samhengane som dei unge sjøfolka er ein del av, heiter det. Det blir oppfordra til ei sosioøkonomisk vurdering. Inspirert av denne studien<sup>8</sup> ønskte også eg å vurdere korleis lærlingane blei påverka av eit stadig meir internasjonalt arbeidsmarkedet for sjøfolk.

## 3.1 Reiarlaget

Reiarlaget der lærlingen er tilsatt er den unge sjømannen sitt måleinstrument for eigne framtidsutsikter. Korleis rederiet posisjonerer seg, korleis dei flaggar og bemannar skipa sine, er det meste nærliggande som lærlingen kan vurdere, når han tenker på eiga framtid i yrket. Kva kjenneteiknar sørvestnorske reiarlag? Eg vil nedanfor gi ei kort utgreiing om det, sett frå lærlingen sin ståstad.

Sørvestnorsk reiarlag har ofte lokal forankring, noko lærlingane verdset. Fleire kommenterer at det er fint å ha nærhet til kontoret, personleg kontakt, osv. Fleire reiarlag driv dessutan omfattande nybyggingsaktivitet, noko lærlingen sjølv sagt ser som positivt for si eiga framtid i både reiarlag og yrke. Oljeindustrien er ein vesentleg oppdragsgivar til den maritime næringa på sørvest-landet og framtida i eige yrke blir derfor ofte sett i samband med framtida

---

<sup>8</sup> Victor Gekara (2009, side 229).

i oljeindustrien. Enkelte reiarlag som i Nordsjøen bemannar med heilnorsk besetning har den siste tida fått kontrakter i utlandet. Båtane blir då bemanna med lokalt underordna personell, noko som bekymrar enkelte lærlingar.

→ reiarlaget: måleinstrument for egne framtidsutsikter

## 3.2 Brønnpissarane

«Dei forpestar matfatet vårt», fortel ein representant for ein maritim interesseorganisasjon til meg. Han forklarar at brønnpissarane er kollegaer av lærlingane, som frarådar dei å gjere karriere på sjøen.

Ein lærling som hadde avbrudd læretida fortel at chieffen sat med beina på bordet første gong han sjølv kom inn i kontrollrommet, ny ombord. Maskinsjefen presenterte seg ikkje, bare kikka ulmt mot den ferske lærlingen og spurte: «Kva i helsike gjer du her?» Ex-lærlingen forklarar: «han kunne ikkje fatte at nokon ville ta ei sjømannsutdanning i dag». Også andre lærlingar fortel om eldre kollegaer som, på meir eller mindre dramatisk vis, har fraråda dei å bli sjøfolk.

Begrunningane for å fraråde ein lærling å ta sjømannsutdanning er gjerne knytta til utviklinga i sjømannsyirket. Det er heva over tvil at yrket i dag er annleis enn då dei eldre kollegaene «dro til sjøs» på 60-talet. Men det er mitt inntrykk at lærlingane er klar over utviklinga i retning av eit internasjonalt arbeidsmarked. Det følger av dette at brønnpissarane si yrkesrådgivning sjeldan blir satt pris på blant lærlingane.

Brønnpissarane er uheldige for lærlingen og for det maritime utdanningssystemet. Og utfordringa ligg hos reiarlaga og sjømannsorganisasjonane. Ein kan med fordel jobbe for betre haldningar blant enkelte kollegaer.



→ haldningar blant kollegaer



Det er viktig å presisere at mange lærlingar også fortel om svært positive kollegaer ombord; «dei vil ha meg opp og fram», fortalte til dømes ein matroslærling, og fortsatte: «eg får masse utfordring i arbeidet». Brønnpissarane skildrar dermed kun enkelte kollegaer, eit ytterpunkt. Men dei finnes i lærlingar sin utdanningspraksis, og det er eit problem for utdanningssystemet.

### 3.3 Konsekvenser

Kun enkelte lærlingar er bekymra for utviklinga i retning av eit internasjonalt arbeidsmarked. Sitatet som innleda denne delen er dermed heldigvis unntaket. Men alle eg intervjuar er svært opptatt av at sjømannsyrket er blitt globalt. Alle pratar om det, alle er opptatt av det. Det er i seg sjølv interessant. Eg vil no seie noko kort om moglege konsekvenser av denne utviklinga.

#### Tvang til vidareutdanning?

«Slik som næringen utvikler seg bør elevene være klar over at dersom de ikke ønsker å bli offiserer, men ønsker å arbeide som matros eller motormann, vil jobbmulighetene være mer begrensede. Særlig gjelder dette for motormenn».

*Maritimt Opplæringskontor, Sørvest-Norge*

Det finnes stadig færre jobbar for matrosar og (særleg) motormenn i den norske flåten. Slike stillingar er ofte besatt av utanlandske sjøfolk, mens nordmenn ombord er offiserar. Denne situasjonen ønsker Opplæringskontoret i Sørvest-Norge å vere ærlege på, er svaret eg får då eg spør dei om sitatet ovanfor. Det er henta frå ein av deira siste rekrutteringsbrosjyrer. Lærlingane latar til å vere klar over denne utviklinga, og dei fleste ser for seg å måtte gå vidare på skule, for å vere sikra ei framtid på sjøen. I historisk samanheng er dette ein forholdsvis ny situasjon.

I Storbritannia er den som vil bli sjømann frå første dag i ei offisersutdanning. Dette kan minne om den norske høgskulemodellen, men med hyppigare veksling mellom skule og skip. Den norske yrkesopplæringa utdannar framleis matrosar og motormenn med fagbrev. Rektignok jobbar det matrosar på lokalferjer og på ein del offshore-fartøy, men utviklinga tatt i betraktning, kan ein stille spørsmål ved om ikkje også Norge bør gå over til rein

offisersutdanning. Sitatet frå Opplæringskontoret ovanfor, peiker i denne retning. Dersom systemet krever offisersutdanning, er det i alle fall svært viktig å opplyse om dette tidleg, slik me ovanfor ser eit døme på.

## Plan-b

Ein annan konsekvens av utviklinga er at mange av lærlingane har alternative framtidsplanar. Det inneber å ha eit svar på følgane spørsmål: kva om det ikkje er jobb til meg som norsk sjømann i framtida? Overraskande mange av lærlingane har alternative framtidsplanar. Til dømes seier motormannlærlingane at ein kan ta seg ein teknisk jobb på land, andre vil ta maritim høgskule, istadenfor fagskule, med moglegheit for mastergrad og kontorjobb på land. Ein av dei einaste som ønska å jobbe som matros (ikkje ta vidareutdanning), ville ta kranførarsertifikat. Han seier dette vil gjere det enklare å få jobb på land, dersom det skulle bli nødvendig. Andre lærlingar ser for seg ei framtid på rigg i petroleumssektoren.

Eg kallar dette, og alle andre ting ein kan finne på etter fagbrev, for *bortvalg*. Ein fullfører yrkesutdanninga, for sidan å finne på noko anna. I kontrast til dette er *fracfall* avbrudd underveis i utdanninga. Omfanget av alternative framtidsplanar blant lærlingane viser at bortvalg er ei langt større utfordring for den maritime næringa, enn fracfall. Ein kommentar frå ein personalsjef i eit større reiarlag, illustrerer dette. Han fortel at dei må utdanne fire lærlingar, for å site att med ein høgaregrads offiser.



→ **bortvalg: større problem enn fracfall**

Lærlingane sine begrunningar for dei alternative framtidsplanane koker ned til to forhold: utviklinga i arbeidsmarkedet, og forventningar frå heimen. Utviklinga i retning av eit meir likestilt samfunn stiller nemleg nye krav til mannen. Det blir forventa at ein skal vere meir tilstades heime.

### 3.4 Livet på multinasjonalt fartøy

Avslutningsvis om arbeidsmarkedet vil eg fortelle om Jens, som avbrøyt læretida. Han var på eit fartøy med forholdsvis liten besetning. Den einaste nordmannen utanom han sjølv var skipperen, som var det ein gjerne kallar godt voksen. Jens jobba saman med utlendingar på dekk, men syntes det var vanskeleg å snakke engelsk. Det blei derfor ofte ganske stille, fortel Jens. Utlendingane hadde ein del sosialt saman, men det var han ikkje ein del av. Og skipperen haldt seg, som Jens, mest på sin eigen lugar om kvelden. Jens fortel at han slutta på grunn av heimlengsel.

Tidlegare forskning på sjøfolk skiller mellom integrasjon på tvers av etnisitet, og på tvers av hierarki. Det eine kan oppveie for det andre, men lærlingane trives uansett best blant sine egne, heiter det. Jens var ikkje integrert med sine kollegaer på dekk, på tvers av nasjonalitet og språk. Han var heller ikkje integrert med skipperen. Dette skyldes nok både rang- og aldersforskjellen mellom dei to nordmennene ombord. Og Jens mangla den andre lærlingen, ein av sine egne. Heimlengsel blei dermed heller eit symptom på problemet, enn problemet i seg sjølv. Dette illustrerer at frafall ofte er samansatt; ein kan ikkje bare velge «ein av fem» årsaker på eit svarskjema som rapporterer frafallet, slik det ofte blir gjort i utdanningssystemet i dag.



Hadde skipperen forstått kor viktig hans eiga rolle overfor Jens var, kunne han truleg ha gjort ein del for å betre situasjonen for den unge lærlingen. Eit anna forebyggande tiltak er å plassere lærlingar saman. Dei har det nemleg aller best blant sine egne.<sup>9</sup>

→ lærlingane har det best blant andre lærlingar

---

<sup>9</sup> Dorte Østreng (2007, side 201).

## 4 Teknologitvvikling



Mange reiarlag i Sørvest-Norge har ein forholdsvis ny flåte. Dei er i sterk økonomisk konkurranse og utviklinga går raskt. Korleis påverkar teknologinivået som følger dei nye båtane, lærlingane og deira valg om å avbryte eller fortsette læretida?

### 4.1 Å jobbe på nye skip

«Eg savna eit motorhavari. Men du blei heller gåande som ein oppsynsmann»

*Motormannlærling*

Fleire av lærlingane jobba på nye skip.<sup>10</sup> Dei fortel at det ofte var få arbeidsoppgåver, særleg gjeld dette for dei som jobbar i maskinrommet. Ein fekk kanskje skifte eit filter, eller overhale «ei dasspumpe» og det var mykje vasking. Dei fortel at tida ofte gjekk seint og at det var litt kjedeleg på vakt. Lærlingane på nye båtar føler seg tidvis overflødige, fordi det ikkje er fleire oppgåver på arbeidsplassen. Dette grunnar sjølvsagt i at lærlingen ikkje er kompetent til å operere stort anna enn vaskekosten, fordi teknologinivået ombord er så høgt.

<sup>10</sup> Når eg her omtaler fartøy som nye, så er dei inntil fem år gamle.

«Eg sa til meg sjølv at eg gidder ikkje holde på med denne driten meir. Eg er såpass ung, eg må ha noko å gjere på heile vegen, ellers blir eg sprø. Eg sa til reiarlaget at eg var lei og at det ikkje var noko for meg likevel».

*Kristian, maskinlærling*


«Tida går jo ikkje fram heller, når du bare sit der og kikkar rett i vegg og tenker at det er ein måned igjen».

*Sveinung, dekkslærling*

Begge lærlingane som uttaler seg ovanfor hadde også jobba på eldre skip, og stortrivdes der. Dei ønsker å lære, vil ha utfordring, og trives ikkje med stillstand. Men på dei nye båtane var det for lite å gjere, og dei få arbeidsoppgåvene som var, blei for einsformige. Situasjonen blei uutholdeleg og dei avbrøyt begge frå læreplassen.

Teknologiutvikling

## Motivasjon til å fortsette



